

Eigarskapsmelding- Ålesund kommune



Vedtatt av Ålesund kommunestyre: 22.4.2021 – sak 54/21

Innhold

Innleiing	4
Ålesund kommune overordna mål og forventningar	5
Føretaka som ressurs i arbeidet mot dei overordna måla	5
Del 1 Eigarskapsmelding - generell del.....	7
Overordna mål for alt eigarskap.....	9
Mål for finansielt eigarskap	9
Mål for sektorpolitisk eigarskap	10
Overordna prinsipp for eigarstyring.....	10
Del 2 Eigarskapsmelding- spesiell del.....	12
Samla oversikt over alle interesser	12
Fakta, føremål og eigarstrategi for utvalde føretak	15
AS Regionteatret i Møre og Romsdal	15
Bingsa Gjenvinning AS	16
Brisk AS	18
Den Norske Matfestivalen i Ålesund AS	18
Destinasjon Ålesund & Sunnmøre.....	20
Hamsundsambandet AS	21
Haram Industrier AS	22
Håp i Havet eiendom AS.....	23
Ingebrigt Davik-huset KF	24
Møre og Romsdal 110-sentral KF	25
Plug Ålesund AS	26
Sandøy energi AS.....	27
Sørsida utvikling AS	28
Tafjord kraft AS.....	30
The North West AS	32
Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS.....	33
Vekst Ørskog AS.....	34
Vekst Ålesund AS	35
Ørskog energi AS	36
Øyvon AS	37
ÅKP AS	38
Ålesund Brannvesen KF	39
Ålesund kommunale eigedom KF.....	41

Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS.....	42
Ålesund Parkering AS.....	43
Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM).....	44
Ålesundregionens havnevesen.....	46
Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring.....	48
Roller og ansvar:.....	48
Kommunestyret:.....	48
Eigarskapsutvalet:.....	48
Styret:	48
Ordførar:.....	50
Kommunedirektøren:.....	50
Kontrollutvalet:.....	50
Årshjul for eigaroppfølging:.....	51
Kontaktpunkt i kommunen:	51

Innleiing

Ålesund kommune har direkte eigarandelar i aksjeselskap, interkommunale selskap, kommunale føretak, samt engasjement i stiftingar/sjølveigande institusjonar. Vidare deltek Ålesund kommune i større og mindre interkommunale samarbeid. **(Vidare i eigarskapsmeldinga vert desse omtalt med samleomgrepet føretak)**

Samla vert det forvalta store verdiar i desse føretaka. Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av føretaka, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og føretak.

Kommunane sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk er forankra i kommunelova:

§ 26-1. Eierskapsmelding

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Ålesund kommune si eigarskapsmelding skal :

- 1. Tydeleggjere korleis Ålesund kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.**
Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klare retningslinjer til føretaka og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av føretaksform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med føretaket. Eigarstyringa skjer av dei folkevalde samla og ikkje av enkeltpolitikarar.
- 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.**
Eit utval av føretaka vil og ha ei nærmare omtale med omtale av føremål og målsettingar. Dette skal danne grunnlaget for ein god styringsdialog, ved å gi føretaka signal om kva for strategiar og forventningar eigar har.
- 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølging** gjennom klargjering av roller og aktivitetar i eit årshjul.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 - Generell del: **Overordna eigarskapspolitikk**
Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 - Spesiell del: **Oversikt over Ålesund kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for eit utval av føretaka.**
- Del 3 – **Roller, ansvar og årshjul** for eigarskapsoppfølging

Ålesund kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og føretak, og som følj prinsipp for god eigarstyring og føretaksleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).

Innhaldet i eigarskapsmeldinga vil kunne medføre endringar i dokument som regulerer forholdet mellom eigar og føretak (t.d. vedtekter). Dette må følgjast opp i etterkant av vedtatt eigarskapsmelding.



Ålesund kommune overordna mål og forventningar

All kommunal planlegging skal baserast på FN sine berekraftsmål. Ålesund kommunestyre har vedtatt at vår øvste strategiske plan, kommuneplanen, skal baserast på dei tre dimensjonane av berekraft:

- **Vekstkraftig samfunn** som handlar om at regionen viser gjennomføringskraft og posisjonerer seg lokalt og nasjonalt, ut frå sine fortrinn
- **Livskvalitet for innbyggjarane** som handlar om å utvikle eit sosialt og berekraftig samfunn som er bygd på likeverd, rettferd og respekt og å inkludere, i eit samfunn som er trygt for alle, og der alle kan oppleve og høyre til.
- **Berekraftig miljø** som handlar om utvikling av eit klimavennleg og robust samfunn gjennom lavutslepp, berekraftig ressursbruk og forsvarleg beredskapstilpassing. [Sjå og les meir om satsingsområda her](#)

Med bakgrunn i dette har kommunen utarbeidd fire hovudstrategiar. Strategiane er knytt til folkehelse, næring, det grønne skiftet, nyskaping. Eigar ønsker at selskapa set seg inn i desse og bidreg til ønska utvikling.

Ålesundsregionen har gjennomført ei måling av kor smart og berekraftige vi er. Det er 92 samfunnsområde som er med i KPI-analysen. Områda som blir kartlagde, dekkjer heile spekteret i eit samfunn frå det som gjeld vatn, energi, transport og bygg til tryggleik, helse, innovasjon og utdanning. Digitalisering kryssar alle områda. [Sjå og les meir om målinga her](#)

Føretaka som ressurs i arbeidet mot dei overordna måla

Føretaka har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing uavhengig av om hovudføremål er finansielt eller samfunnsmessig/sectorpolitisk. Ålesund kommune ynskjer å spele på lag med alle våre føretak og interesser i arbeidet mot å bli eit meir berekraftig samfunn.

Eit berekraftig føretak balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping og slik at dagens behov vert ivaretatt utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar kan få dekkja sine behov.

Andre viktige føringar

1. Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle føretak knytt til Ålesund kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapen.
2. Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle føretak når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.
3. Det skal vere ein open kommunikasjon om leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaka.
4. Ålesund kommune føreset at dei føretaka kommunen har vesentlege interesser i, er registrert i Kommunenes sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skaper openheit om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde føretak..

Vidare er Ålesund kommune oppteken av at det einskilde føretak si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og å handtere risikoen føretaket påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Ålesund kommune sine forventningar til føretaka, og vil påverke korleis Ålesund kommune følg opp føretak og eigarposisjonar. Ålesund kommune forventar at alle føretak legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Etiske retningslinjer
- Overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Innkjøpsstrategi
- Antikorupsjonsarbeid
- Openheit og innsyn

Del 1 Eigarskapsmelding - generell del

Vanlege føretaksformer i kommunal sektor

- **AS** – aksjeselskap styrt av aksjelova. Føretaket sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til føretaket utøvd.
- **IKS** - interkommunalt selskap (styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn). Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.
- **KF** - kommunalt føretak. KF er regulert av lov om kommunar og fylkeskommunar-kommunelova. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Føretaket vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.
- **Samvirkeføretak**. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) som regulerer denne organisasjonsforma. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap.. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ, og her vert avgjerder fatta.
- **Stiftingar**: Lov om stiftelser (stiftelseslova) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot (ta utbytte).
- **Kommunalt oppgåvefelleskap**. Denne føretaksforma er regulert i kommunelova § 19-1. Ny kommunelov fjernar høve til § 27-samarbeid, og oppgåvesamarbeid kan vere eitt av alternativa. Kommunane har fått tid fram til utgangen av 2023 på å tilpasse seg denne endringa. I eit oppgåvefelleskap kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er som sagt eitt av fleire alternativ for organisering av interkommunalt samarbeid. Eit oppgåvefelleskap kan ikkje ha mynde til å treffe einskildvedtak, men kan likevel gjevast mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar.
- **Kommunelova § 28 - Vertskommunemodell**. Kommune overlet ansvaret for bestemte oppgåver og slutningar til ein anna kommune, dvs. Vertskommune. Modellen inneberer ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid.


Kvifor opprettar vi føretak?

Hovudregelen er at Ålesund kommune yter kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike føretak, har dei folkevalde meir indirekte verktøy for styring.

Ålesund kommune kan vurdere å organisere si verksemd i føretak dersom:

- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskeleg og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Statlege tilskotsordningar krev føretaksorganisering, utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold gjer at føretaksorganisering har økonomiske fordelar.
- Verksemdene opererer i ein marknad, og er difor meir tent med ei friare stilling enn det ein har i den kommunale organisasjonen.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative føretaksmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kva er føremålet med ulike føretak?

Kommunen sitt føremål med føretak kan grovt delast inn i to.

1. Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål:

Eigarskap som primært opererer i konkurranse med andre. Føremålet er ofte finansielt, men kan og vere motivert av andre tilleggsføremål. Tilleggsføremål kan t.d. vere knytt til ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon.

2. Sektorpolitiske føremål eller andre politiske/ regionalpolitiske føremål:

Føretak som gjennomfører lovpålagde eller samfunnsmessige oppgåver der eigar ikkje siktar mot ei marknadsmessig eigenkapitalavkastning. Dei **sektorpolitiske** måla er sentrale i eigarskapsstrategien for desse selskapa. Årsaka til å opprette føretak innanfor denne kategorien er å gje føretaket ei større operasjonell sjølvstende eller fagleg uavhengig rolle. Desse selskapa opererer primært ikkje i konkurranse med andre, og alternativet til kommunalt eigarskap er ofte å organisere føretaket som forvaltningsorgan i eigen organisasjon. Enkelte føretak er og oppretta av reint politisk og ofte regionalpolitiske føremål. T.d. er samferdselselskapa vår eit døme på dette.

Uavhengig av kva for kategori selskapa har si hovudforankring vil Ålesund kommune forvente at selskapa balanserer omsyna til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar. Målet er å sikre langsiktig utvikling, men med ei tydeleg forventning om effektiv drift med god utnytting av føretaket sine ressursar.

Overordna mål for alt eigarskap

- ***Ålesund kommune sit mål som eigar er både høgast mogeleg avkastning, og best mogeleg oppnåing av samfunnsmessige mål over tid.***
- ***Føretaka utarbeidar og implementerer tydelege mål og strategiar for berekraftig verdiskaping.***

Ålesund kommune er ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Ålesund kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte. Kommunen oppmodar og føretaka til å studere berekraftskartlegginga for regionen for å vurderer om aktiviteten i selskapet kan bidra til å forbetre resultatata.

Mål for finansielt eigarskap

- ***Føretaka som i hovudsak har finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid.***
- ***Andre tilleggsføremål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.***

Eit føretak vil i utgangspunktet ikkje kunne skape verdiar og vere konkurransedyktig utan at det vert eigd og vert styrt med mål om høgast mogeleg avkastning over tid. Høgast mogeleg avkastning *over tid* føreset imidlertid at selskapet er berekraftig. Eit berekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på en måte som bidreg til langsiktig verdiskaping.

Mål for sektorpolitisk eigarskap

- *Føretak som i hovudsak har samfunnsmål eller andre politiske føremål skal ha mest mogeleg effektiv måloppnåing. Samfunnsmål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.*
- *Dersom selskapet og har verksemd i konkurranse med andre, forventar kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid frå denne delen av selskapet si verksemd.*

Dei samfunnspolitiske måla varierer mellom selskapa, men for alle selskapa har Ålesund kommune mål om mest mogeleg effektiv oppnåing av desse. Føretaka innanfor dette føremålet opererer primært ikkje i konkurranse med andre, men i enkelte tilfelle vil delar av aktiviteten operere i konkurranse med andre. I slike tilfelle har kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid til denne avgrensa delen.

Dei overordna måla for alt eigarskap er ikkje gjentatt i dei einskilde eigarstrategiane i del-2 i eigarskapsmeldinga. Eigar ønskjer at føretaka skal innarbeide desse måla i eigne strategiar, og at desse vert rapportert på årleg.

Overordna prinsipp for eigarstyring

Ålesund kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si i tråd med prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga.

Ålesund kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring. Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følger:

1. Kommunen skal ha ein felles valkomité for alle heileigde føretak, uavhengig av føretaksform. Stiftingar der kommunane kan oppnemne styremedlemmer skal også omfattast av valkomitéen sitt arbeid. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid.
2. Ordfører, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde føretak.
3. Formannskapet er generalforsamling i heileigde aksjeselskap
4. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
5. Styremedlemar vert valt for to år, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
6. Ingen politikar skal veljast inn i eit styre i kraft av sitt politiske verv.
7. Medlemmer av formannskapet er ikkje valbare til styre der formannskapet er generalforsamling.
8. Medlemmer av kontrollutval er ikkje valbare til styrer.
9. Varamedlemmar skal oppnemnast der dette er aktuelt. Varamedlemmar skal primært oppnemnast i nummerorden, men der eigarkonstellasjonane tilseier det, skal det oppnemnast personlege varamedlemmar.
10. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaka.
11. For kvar kommunestyreperiode vert det nedsett eit eigarskapsutval som skal ivareta aktiv oppfølging av kommunen sin eigarskapspolitikk. Eigarskapsutvalet skal bestå av fem

medlemmar og oppnemnst av kommunestyret. Ordførar og varaordførar skal vere blant medlemmane.

12. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden. Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.

Føretak der Ålesund kommune ikkje er eineeigar:

Ålesund kommune har interesser i fleire føretak som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse føretaka. Ålesund kommune som deleigar i føretak ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Del 2 Eigarsskapsmelding- spesiell del

Samla oversikt over alle interesser

Aksjeselskap	Eigardel
Bingsa Gjenvinning AS	100 %
Haram Industrier AS	100%
Haram bygdebok AS	100 %
Sandøy energi AS	100 %
Sørsida utvikling AS	100 %
Vekst Ørskog AS	100 %
Vekst Ålesund AS	100 %
Øyvon AS	100 %
Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS	100 %
Ålesund parkering AS	100 %
Ørskog Energi AS	80 %
The North West AS	72,17 %
Tafjord Kraft AS	52,59 %
Håp i Havet Eiendom AS	51 %
Plug Ålesund AS	50 %
Løvsøy industrihus AS	37,38 %
Brisk kompetansesenter AS	31,25 %
Hamnsundsambandet AS	21,06%
ÅKP AS	20,37 %
Eksportvegen AS	17,51 %
Møreaksen AS	14,77 %
Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS	12,20 %
Møre og Romsdal såkornfond AS	8,32 %
AS Regionteateret i Møre og Romsdal	8 %
Den Norske Matfestivalen AS	31 %
Muritunet AS	4,94 %
Hareid fastlandssamband AS	3,71 %
Visit Nordmøre og Romsdal AS	1,67 %
Storfjordsambandet AS	13,9 %
Samspleis AS	1,13 %
Rekom AS	0,96 %
Astero AS	0,75 %
Interkommunalt selskap	
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	
Sunnmøre Friluftsråd	
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS	
Sunnmøre Regionråd IKS	
Åknes/Tafjord beredskap IKS	
Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM)	
Kommunalt foretak	
Ingebrigt Davik-huset KF	
Møre og Romsdal 110-sentralen KF	
Ålesund brannvesen KF	

Ålesund kommunale eidegom KF	
Interkommunalt samarbeid med felles styre §27	
E-kommune Sunnmøre	
Interkommunalt utval mot akutt forureining Romsdal	
Interkommunalt utval mot akutt forureining Sunnmøre	
Ålesundregionens Havnevesen	
Administrativt vertskommunesamarbeid §28	
Arbeidsgjevarkontroll (kemner)	
Barnevern (Storfjord barnevern)	
Brannvern	
Interkommunalt barnevernsvakt Sunnmøre	
Krisesenter	
Landbrukskontor Nordre Sunnmøre	
Legevakt	
Overgrepsmottak	
Samvirkeføretak	
Biblioteksentralen SA	
Møre og Romsdal Revisjon SA	
Stifting *)	
Aalesunds forretningsstands fond for trengende	
Aalesunds museum	
Ellingsøy boligstiftelse for eldre	
Hellandshamn bustadstifting	
Josefine Dibello Fjørtoft sitt minnefond	
Karoline og Olaf R. Skarbøviks legat for kirke i Skarbøvik	
Legat for arbeid for eldre og økonomisk vanskeligstilte i Ålesund	
Musea på Sunnmøre	
Odd Fellows aldersboliger	
Oscar Larsen og hustrus legat til helsearbeid og pleia av barn og gamle	
Sandøy bustadstiftelse	
Selnesvågen bustadstiftelse	
Stiftelsen aldersbustaden Øyatun	
Stiftelsen Brannsprøyta s venner	
Stiftelsen eldrebustader i Vaksvik	
Stiftelsen Hamnsund aldersboliger	
Stiftelsen Haramsøy aldersbustader	
Stiftelsen Hessatun	
Stiftelsen Miljøfyrtårn	
Stiftelsen Sjømanns kvile	
Stiftelsen Ålesund utleieboliger	
Stiftinga Austnes aldersbustader	
Stiftinga Fjellheim aldersbustader	
Stiftinga Lepsøy aldersbustader	
Stiftinga Olav Oksvik minnesamling	
Stiftinga Vatne aldersbustader	
Vatne Tennfjord bustadstifting	

Vollen Bustadstiftelse	
Ålesund kommunes fond for ferie- og fritidstiltak for funksjonshemmet- og miljøtruet barn og ungdom	
Partnarskap	
ALV Møre og Romsdal	
God helse	
Foreining og lag	
Destinasjon Ålesund & Sunnmøre	
Haram Næring og Innovasjonsforum (HNI) **)	

*) Stiftingar er sjølveigde. Kommunen har ikkje eigarskap til stiftingar og kan ikkje utøve eigarstyring. Kommunestyret oppnemner representantar til styre i samsvar med vedtektene for den einkilde stifting. Kommunen har ein relasjon til fleire stiftingar enn dei som er med i tabellen ovanfor. Det kan vere oppgåve med å velje medlemar til styret og/eller å gi årlege driftsmidlar.

**) Ålesund kommune har avtale med HNI ut 31.12.2022

Avgrensingar i del 2 - eigarskapsmeldinga:

Interessene markert med grå cellebakgrunn er omtalt med egne faktaark i eigarskapsmeldinga.

Dette utvalet er gjort fordi kommunen enten har stor eigardel i samarbeidet, eller at aktiviteten i samarbeidet er strategisk viktig for kommunen i gjeldande periode. Dette betyr ikkje at arbeidet i andre føretak ikkje vert vurdert som strategisk og verdifullt. Ålesund kommune vil understreke at ein ønsker god dialog med alle sine interesser og føretak i perioden.

Fakta, føremål og eigarstrategi for utvalde føretak

Namn	AS Regionteatret i Møre og Romsdal
Organisasjonsnummer	930 569 046
Stifta	30.05.1975
Ålesund kommune sin eigardel	8%
Andre eigarar	Molde kommune 44% Møre og Romsdal fylkeskommune 44% NUMØR – Norges Ungdomslag i Møre og Romsdal 4%
Aksjekapital	600 000
Dagleg leing	Kristian Lykkeslet Strømskag
Styre	Leon Jarle Aurdal Einar Hernborg Oskar Skulstad Marit Ingvild Aas Roger Bach Jonas Poul Aspenberg Fuglseth Aud Solveig Pedersen Malmedal
Føretaket si heimeside	Velkommen - Teatret Vårt (teatretvart.no)
Føretaket sitt føremål	Teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Teateret vårt.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden:</p> <p>Ålesund kommune ønsker å gi innbyggjarane i Ålesund kommune eit større tilbod på profesjonell scenekunst. Ålesund kommune ønsker å bidra til at teateret si avdeling for scenekunst for barn og unge kan få flytte inn i nye lokale som ein del av sørsidprosjektet. Dette gir publikum ein god arena for formidling av scenekunst.</p> <p>Ei samlokalisering av kulturskule, vidaregåande skule og teateret si avdeling for barn og unge vil kunne skape eit unikt grunnlag for samarbeid, forskning og utvikling av formidling og scenekunst til barn og unge.</p> <p>Ei ny scene på Sørsida vil og kunne ta imot Teatret Vårt sine framsyningar for vaksne, Riksteatret, Carte Blanche og andre gjestespel frå scenekunstinstitusjonar.</p> <p>Slik vil Ålesund ennå tydelegare markere seg som en kulturby med fokus på scenekunst.</p>

Namn	Bingsa Gjenvinning AS
Organisasjonsnummer	922 025 096
Stifta	07.12.2018
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	2 000 000
Dagleg leiing	Trond Trane Lauritsen
Styre	Inger Marie Sperre Levi Lervik Hans Endre Sæterøy Eva Brox Odd Harald Karlsen Stein Vidar Giske Martin Hovden (observatør)
Føretaket si heimeside	Bingsa Gjenvinning AS - Vi gjør det til noe nytt (bingsa-gjenvinning.no)
Føretaket sitt føremål	<p>Eige og forvalte selskap som driv med innsamling, mottak, behandling og disponering av avfall og slam samt annan verksemd i tilknytning til dette, her under rådgjevingstenester i avfalls- og miljøfaglege spørsmål. Selskapet kan òg sjølve drive rådgjevingstenester i avfalls- og miljøfaglege spørsmål. Selskapet skal drive basert på miljømessige omsyn og til retningslinjer frå lokale og sentrale myndigheiter og i tråd med Ålesund kommune si målsetting. Selskapet kan delta direkte eller på annan måte i andre føretak som driv verksemd som fremmar eller støttar selskapet sitt føremål. Selskapet kan også ta på seg oppgåver til sjølvkost, i tilknytning til hushaldningsavfall og slam.</p> <p>Bingsa Gjenvinning AS har to heileigde datterselskap, BG Næring AS og BG Kommunalteknisk. BG Kommunalteknisk samlar inn og behandlar avfall frå kommunale verksemdar, papiravfall frå hushaldingar samt avfall frå miljøstasjonane. BG Næring er leverandør av avfallstenester for industri og næringsliv.</p>
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune skal i 2021 etablere ein heilskapleg eigarstrategi på avfalls- og gjenvinningsområdet.</p> <p>Dette skal sikre ei framtidrette organisering av, ansvar for og drift av dei oppgåvene som i dag blir utført av Bingsa Gjenvinning AS, ÅRIM IKS og Tafjord Kraftvarme AS (datterselskap av Tafjord Kraft AS).</p>

	<p>Målet er at kommunen og regionen skal kunne handtere avfallsressursane på ein måte som sikrar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gode og effektive tenester til innbyggjarane til akseptabel pris• Lokal verdiskaping som sikrar avkastning på investerte verdiar• Redusere klimautslepp, samt auke graden av gjenbruk og gjenvinning.
--	---

Namn	Brisk AS
Organisasjonsnummer	925 996 432
Stifta	Brisk kompetansesenter stifta 24,06,1968 Brisk AS stifta 06,11,2020
Ålesund kommune sin eigardel	31,25%
Andre eigarar	Møre og Romsdal fylkeskommune 31,25% Landsforeningen for hjerte og lungesyke 18,75% Norges handikapforbund Nord Vest 18,646% Norges handikapforbund 0,104%
Aksjekapital	480 000
Dagleg leiing	Frode Vestad
Styre	Anne Mette Liavaag Marianne Synnes Emblemsvåg Marco Dimmen Lars Peter Birkelund Torill Ytreberg Harry Valderhaug Leif Ole Elde
Føretaket si heimeside	https://www.brisk.no
Føretaket sitt føremål	Selskapet har som primæroppgåve å tilby avklaring, kvalifisering og formidling av menneske utanfor arbeidslivet. Selskapet skal vidare eige selskap med liknande primæroppgåver og produksjonsselskap som deltek i selskapets primæroppgåver.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Brisk AS. Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden: Eigar ønsker at selskapet skal ha tett dialog med andre vekstbedrifter i kommunen, kommunen sine verksemder og Nav, for å sikre eit variert og kvalitetsmessig god tilbod til innbyggjarane. Ålesund kommune er eigar av fire vekstbedrifter og ønsker ein prosess der ein ser på alternative samarbeidsformer mellom selskapa som kan sikre best mogeleg ressursutnytting til det beste for innbyggjarane og eigar.

Namn	Den Norske Matfestivalen i Ålesund AS
-------------	--

Organisasjonsnummer	981 413 601
Stifta	30.09.1999
Ålesund kommune sin eigardel	31%
Andre eigarar	Landbruksselskapet i M&R 33% Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag 7% Kokkenes Mesterlaug Møre og Romsdal 6% Andre 23%
Aksjekapital	329 000
Dagleg leing	
Styre	Anne Katrine Jensen Frank Dagfinn Madsøy Johan Eivind Nicolaisen Per Owe Owesen Petter Melchior Inger Synnøve Remme Torill Andersen Leganger Sissel Therese Pilskog Brennholm
Føretaket si heimeside	Den Norske Matfestivalen
Føretaket sitt føremål	Kvart år arrangerast Den norske matfestivalen i Ålesund, som hovudregel i veke 35. Målet for festivalen er å fremme produksjon, foredling og konsum av norsk mat med basis i norske råvarer frå jordbruk og fiskeri.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i den norske matfestivalen i Ålesund, og ønsker at arbeidet skal halde fram i samsvar med dagens føremål. Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for føretaket i perioden: Ålesund kommune støttar matfestivalen sitt arbeid med å løfte fram lokale mattradisjonar og kulturarv og korleis desse har utvikla seg og vert ivaretatt i moderne tid.

Namn	Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
Organisasjonsnummer	971 447 222
Stifta	31.12.1984
Ålesund kommune sin eigardel	Medlemsorganisasjon – Ålesund har medlemskap
Andre eigarar	
Aksjekapital	
Dagleg leiing	Tom Anker Skrede
Styre	Per Erik Dalen Gunther Dalher Kristin Bjånes Kari-Mette Ski Oscar Almgren Knut Slinning Eva Vinje Aurdal Knut Erik Engh Sindre Nakken
Føretaket si heimeside	Alesund (visitalesund.com)
Føretaket sitt formål	Foreiningas formål er å arbeide for ein positiv utvikling av reiselivsnæringa i dei tilsluttande kommunane gjennom marknadsbearbeiding, vertskapstenester og produkt-/destinasjonsutvikling samt tilknytte oppgåver styret og/eller årsmøtet finn formålstenleg.
Eigarstrategi	Ålesund vidarefører sitt medlemskap i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Ålesund kommune sine føringar for samarbeidet: Ålesund kommune ønsker at DÅS held fram med sitt engasjement, som marknadsføringsselskap og turistinformasjon for Ålesund kommune. Ålesund kommune ønsker eit samarbeid med DÅS om ein masterplan for reiseliv. Planen skal ta utgangspunkt i kommunen sine overordna mål om berekraftig utvikling.

Namn	Hamsundsambandet AS
Organisasjonsnummer	993 403 083
Stifta	15.10.2008
Ålesund kommune sin eigardel	21,06%
Andre eigarar	Giske kommune 10,526% Mørenot Holding 5,263% Nogva Motorfabrikk 5,263% Valaker Bakeri og Konditori 5,263% Norbert Engeseth 5, 263% Koppernæs 5,263% Ulmatec Pyro 5,263% Sparebanken Møre 5,263% + andre med alle 5,263% i eigarandel
Aksjekapital	190 000
Dagleg leing	
Styre – ikkje oppdatert i Brønnøysund	Roar Dyb-Sandnes Asbjørn Schjelderup Hans-Peter Kaaresen Jan Petter Urke Kjell Norvoll Sindre Muren Nakken Vebjørn Krogsæter
Føretaket si heimeside	Hamnsundsambandet
Føretaket sitt formål	Planlegge, bygge og drifte veg, bru og tunnelanlegg mellom Haram, Giske og Ålesund, samt tilhøyrande verksemd. Selskapet kan også vere deltakar i andre selskap med liknande formål.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Hamsundsambandet AS, og ønskjer at selskapet skal halde fram sitt arbeid samsvar med dagens føremål.

Namn	Haram Industrier AS
Organisasjonsnummer	967 058 955
Stifta	28.06.1993
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	3 000 000
Dagleg leiing	Terje Aulstad
Styre	Rolf Longva Magnhild Kristin Fjørtoft Hege Kristin Natland Petter Ove Krogsæter Nils Peder Hedin Anita Hofseth
Føretaket si heimeside	Startside - Haram Industrier AS
Føretaket sitt føremål	Produksjon, handel og anna tenesteytande arbeid ved bruk av arbeidskraft rekruttert blant fysisk og psykisk utviklingshemma og andre som vanskeleg kan utføre arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Haram Industrier AS.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for i perioden:</p> <p>Eigar ønsker at selskapet skal ha tett dialog med andre vekstbedrifter i kommunen, kommunen sine verksemder og Nav, for å sikre eit variert og kvalitetsmessig god tilbod til innbyggerane.</p> <p>Ålesund kommune er eigar av fire vekstbedrifter og ønsker ein prosess der ein ser på alternative samarbeidsformer mellom selskapa som kan sikre best mogeleg ressursutnytting til det beste for innbyggerane.</p>

Namn	Håp i Havet eiendom AS
Organisasjonsnummer	989 378 716
Stifta	12.01.2006
Ålesund kommune sin eigardel	51%
Andre eigarar	Classic Norway 49%
Aksjekapital	5 500 000
Dagleg leing	
Styre	Nils Magne Abelseth Leif Bendik Hustad Åse Kristin Ask Bakke Per Roald Raknes Espen Myklebust
Føretaket si heimeside	Badeland - Håp i Havet - Finnøy Havstuer - Classic Norway
Føretaket sitt føremål	Eige og drive badeanlegg til beste for innbyggjarane i Sandøy kommune. Selskapet er utan eige økonomisk formål.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sin eigardel i Håp i Havet Eigedom AS, og ønskjer at selskapet held fram med sitt arbeid i samsvar med dagens føremål.

Namn	Ingebrigt Davik-huset KF
Organisasjonsnummer	989434306
Stifta	01.01.2006
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	
Dagleg leing	Kjetil Heggdal
Styre	Bjørn Sandnes Arild Eiken Bente Bruun Martinus Løken Hilde Karin Haram May Britt Drabløs Lørdøen
Føretaket si heimeside	Ingebrigt Davik-huset Forside (idhuset.no)
Føretaket sitt føremål	<p>Visjonen er at Ingebrigt Davik-huset skal vere den viktigaste fellesarenaen i Haram.</p> <p>Føretaket sitt føremål er å:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) forvalte Ingebrigt Davik-huset med tilliggjande areal b) ha ansvar for aktivitet / drift av aktivitetar og kulturtilbod i kulturhuset c) gjere Ingebrigt Davik-huset til / vere eit kvardagshus som er med på å styrke kulturaktiviteten i heile kommunen d) utvikle større breidde, mangfald og variasjon i kulturuttrykka i Haram e) skape infrastruktur som gir nye moglegheiter for næringsliv, kulturliv og andre i Haram. <p>All verksemd i bygget skal vere open for all lovleg kultur- og organisasjonsverksemd. Ingen må stengast ute pga. religiøse, sosiale eller politiske omsyn. Føretaket har ikkje erverv som føremål. Overskot skal gå til å betre kulturtilbodet i samsvar med føremålet.</p>
Eigarstrategi	Ålesund kommune vidarefører Ingebrigt Davik huset som kommunalt føretak og ønsker at føretaket skal arbeide vidare i samsvar med dagens føremål.

Namn	Møre og Romsdal 110-sentral KF
Organisasjonsnummer	988 380 504
Stifta	01.03.2004
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	
Dagleg leing	Geir Thorsen
Styre	Åse Kristin Ask Bakke Jan Ove Tryggestad Jan Petter Hammerø Ragnhild Helseth Tor Ivar Sjøstad
Føretaket si heimeside	110 -Sentralen - Hjem
Føretaket sitt føremål	Føretakets formål er å ivareta kommunale oppgåver og plikter knytt til nødalarmering 110 i samsvar med Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og etter forskriftene til forureiningslova for alle kommune i Møre og Romsdal. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) er overordna fagmynde. Føretaket har følgande oppgåver: 110-sentralen skal yte lovpålagte 110-nødmeldingstjenester til kommunane skrive i eigen tenestebeskriving og i samsvar med krav frå overordna fagmynde (Grøn bok). Føretaket skal legge til rette for aktivitetar som gir inntekt i den form og det omfang som styret fastset. Slike aktivitetar må ikkje vere i konflikt med oppgåver sentralen er pålagt å utføre gjennom lov. I dette ligg det at føretaket kan tilby offentlege og private verksemder ikkje-lovpålagte overvåkings- og alarmtenester slik det står i tenestebeskrivinga.
Eigarstrategi	Ålesund kommune vidarefører Møre og Romsdal 110-sentral som kommunalt føretak og ønsker at føretaket arbeider vidare i samsvar med dagens føremål.

Namn	Plug Ålesund AS
Organisasjonsnummer	925 788 228
Stifta	14.10.2020
Ålesund kommune sin eigardel	50%
Andre eigarar	Plug Holding AS 50%
Aksjekapital	1 000 000
Dagleg leing	Maria Bos
Styre	Ole Kristian Fiskaa Vebjørn Krogsæter Ingrid Von Streng Velken Pål Tveitevåg
Føretaket si heimeside	Plug - Plug (plugport.no)
Føretaket sitt føremål	Utvikle, eige og drifte anlegg for forsyning av skip med miljøvenleg energi, samt verksemd knytt til dette i hamner eigd eller administrert av Ålesundregionens Havnevesen.
Eigarstrategi:	Ålesund kommune opprettheld sin eigardel i Plug Holding AS, og ønsker at selskapet held fram sitt arbeid i samsvar med dagens føremål.

Namn	Sandøy energi AS
Organisasjonsnummer	978 664 628
Stifta	11.06.1997
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	1 001 000
Dagleg leiing	Johannes Størk Huse
Styre	Nils Magne Abelseth Eva Kristin Fjørtoft Sigmund Haugen Frode Røren
Føretaket si heimeside	www.sandoyenergi.no
Føretaket sitt føremål	Å eige alle aksjane og forvalte eigarskapet i Sandøy Nett AS, Sandøy Installasjon AS og Sandøy Vindkraft AS. Selskapet kan òg eige aksjar eller andelar og forvalte eigarskapet i andre selskap med naturleg tilknytning til verksemda til dei nemnde selskapa, og dessutan yte lån og stille sikkerheit for selskap som konsernet har eigarposisjon i. Vidare skal selskapet eige og forvalte fast eigedom.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Sandøy energi AS, og ønsker at selskapet held fram sitt arbeid i samsvar med dagens føremål.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden:</p> <p>Ålesund kommune sitt eigarskap i Sandøy Energi har i hovudsak eit finansielt føremål og kommunen forventar at det vert levert høgast mogeleg avkastning over tid.</p> <p>Ålesund kommune sitt eigarskap i Sandøy energi har i dag følgjande samfunnsmessige tilleggsføremål:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Beredskapsfunksjon i delar av kommunen - Attraktive arbeidsplassar <p>Vidare ønsker eigar at Sandøy energi opprettheld dialogen med andre nettselskap med tanke på å møte det grønne skiftet. Eit robust og kostnadseffektivt kraftnett er naudsynt for å lukkast. Dette krev ei god samla forvaltning av nettet.</p> <p>Element som robust drift, vedlikehald, beredskap, attraktive kompetansmiljø, låg nettleige, investeringskraft og evne til å lege til rette for framtidsetta næringsutvikling er sentrale element som må ligge til grunn for denne dialogen.</p>

Namn	Sørsida utvikling AS
Organisasjonsnummer	823 806 752
Stifta	10.10.2019
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	500 000
Dagleg leiing	Kirsti Slotsvik
Styre	Eva Hagen Per Volstad Per Arne Bjørge Ola Trygve Gjørtz Pergunn Rødseth Gjerdsbakk
Føretaket si heimeside	
Føretaket sitt føremål	Fungere som overordna organ for dagleg operativ leiing for utviklinga av sørsida av Ålesund sentrum, her under ansvar for planlegging, koordinering samt prioriteringar ved utbygginga av sørsida i Ålesund sentrum. Ivareta kommunen sine interesse som grunneigar til vesentlege areal omfatta av utbygginga av sørsida i Ålesund sentrum ved å fungere som strategisk organ for kommunen i eigarskapsutøving med sikte på at kommunen skal ta del i verdiutviklinga for området. Tilrettelegging for kommunale og/ eller eksterne investeringar i utbygginga av sørsida, her under å forhandle med private eller andre offentlege aktørar om felles eigarskap i eigendomar og selskap samt inngå avtaler med private og andre offentlege aktørar om utvikling av delområde av sørsida i Ålesund sentrum. Sjølv eller gjennom investeringar i andre selskap å kjøpe, selje, eige, utvikle, drive og forvalte eigendom innanfor sørsida i Ålesund sentrum, her under også å eige slik eigendom eller selskap saman med private eller andre offentlege aktørar, samt det som naturleg står i forbindelse med dette. Selskapet skal legge vekt på sitt særlege samfunnsmessige ansvar og skal i den samanheng ivareta offentlege og byutviklingsmessige hensyn.
Eigarstrategi	Ålesund opprettheldt sitt eigarskap i Sørsida utvikling AS Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden: <ul style="list-style-type: none"> • Sørsida skal utviklast til å bli eit føregangseksempel på byområde med berekraftige løysingar som

	<p>balanserer økonomiske, miljømessige og sosiale berekraftsmål.</p> <ul style="list-style-type: none">• Eigar ønsker tett dialog med selskapet for å sikre fortløpande forventningsavklaring kring visjon og mål med Sørsideplanen og god framdrift i utviklinga av området.• Eigar ønsker ein status og framdriftsplan for arbeidet så snart som råd i 2021.• Selskapet skal samarbeidet tett med andre by- og stadutviklingsaktørar for å sikre heilskapstenking og gode synergjar.• Vedtektene til Sørsida Utvikling skal evaluerast og takast opp til ny handsaming i Ålesund kommunestyret. Målet er å tydeleggjere eigar sitt føremål med selskapet, samt avklare rollene mellom selskapet og kommunen. Endringane skal bidra til at selskapet får handlingsrom til å utvikle Sørsida på ein forretningsmessig måte i samsvar med kommunen sine visjonar og mål.
--	--

Namn	Tafjord kraft AS
Organisasjonsnummer	976 726 626
Stifta	05.09.1996
Ålesund kommune sin eigardel	52,61%
Andre eigarar	BKK 43,13% Fjord kommune 4,28%
Aksjekapital	400 000 000
Dagleg leing	Erik Espeset
Styre	Anne Breiby Ketil Konglevoll Per Ove Hjelme Martin Julius Ødegård Emblem Per Arne Bjørge Nils Arne Bakke Silje Skaar Sunde
Føretaket si heimeside	TAFJORD Strøm og fiber på Sunnmøre
Føretaket sitt føremål	Å utøve eigarskap i selskap som driv med verksemd innan produksjon og sal av leidningsbundne energi, energitransport, avfallsbehandling og utvikling og drift av infrastruktur for breiband. Å utøve eigarskap og drive annan verksemd, her under rådgjeving, konsulentverksemd og tenesteyting, som har ein naturleg tilknytning til nemnte formål. Verksemda kan også drive i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak i inn og utland.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Tafjord Kraft.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden:</p> <p>Ålesund kommune sitt eigarskap i Tafjord Kraft AS har i hovudsak eit finansielt føremål og kommunen forventar at det vert levert høgast mogeleg avkastning over tid. Ein føresetnad for dette er ei rasjonell organisering med lågast mogeleg administrative kostnader.</p> <p>Ålesund kommune sitt eigarskap i Tafjord Kraft AS har samfunnsmessige tilleggspøremål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapet skal bidra til lokal verdiskaping og arbeidsplassar, samt å oppretthalde hovudkontorfunksjon i Ålesund. • Ålesund kommune skal i 2021 etablere ein heilskapleg eigarstrategi på avfalls- og gjenvinningsområdet. Dette skal sikre ei framtidrette organisering av, ansvar for og drift av ei oppgåvene som i dag blir utført av Bingsa

Gjenvinning AS, ÅRIM IKS og Tafjord Kraftvarme AS (datterselskap av Tafjord Kraft AS).

Målet er at kommunen og regionen skal kunne handtere avfallsressursane på ein måte som sikrar:

- Gode og effektive tenester til innbyggjarane til akseptabel pris
- Lokal verdiskaping som sikrar avkastning på investerte verdiar
- Redusere klimautslepp, samt auke graden av gjenbruk og gjenvinning.

Ålesund kommune som deleigar av Tafjord Kraft AS har eit ønske om at datterselskapet Tafjord kraftvarme AS bidreg i arbeidet når dette overordna måla for avfalls og gjenvinningsområdet.

- Vidare ønsker eigar at Tafjord Kraft, som morselskap til Mørenett opprettheld dialogen med andre nettselskap med tanke på å møte det grønne skiftet. Eit robust og kostnadseffektivt kraftnett er naudsynt for å lukkast. Dette krev ei god samla forvaltning av nettet.

Element som robust drift, vedlikehald, beredskap, attraktive kompetansemiljø, låg nettleige, investeringskraft og evne til å lege til rette for framtidsetta næringsutvikling er sentrale element som må ligge til grunn for denne dialogen.

Eigar ønsker ei fortløpande vurdering av strategi for breiband. Dette grunna hurtige endringar både knytt til teknologi og regulatoriske forhold.

Namn	The North West AS
Organisasjonsnummer	919 549 904
Stifta	21.08.2017
Ålesund kommune sin eigardel	72,165%
Andre eigarar	Møre og Romsdal fylkeskommune 20,619% Sula kommune 7,216%
Aksjekapital	485 000
Dagleg leing	Gjermund Kvernmo Langset
Styre	Turid Kristin Sand Humlen Kine Berild Norheim Kari Aina Remmem Eik Kjetil Aarseth Anne Mette Liavaag Ole Helge Haugen
Føretaket si heimeside	The North West
Føretaket sitt føremål	Å gjennomføre ein årleg konferansefestival for å fremme Ålesundsregionen som ein attraktivt og naturleg stad å bu og å drive næringsverksemd. Vidare skal The North West bidra til dialog, utvikling og samarbeid mellom regionen sine eksisterande og framtidige festivalar, kulturarrangørar, næringsliv, frivillig sektor og innbyggjarar.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i The North West AS. Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden: I tillegg til dagens føremål ønsker Ålesund kommune som eigar at The North West skal vere ein kontinuerleg pådrivar for berekraftig regionutvikling som dannar grobotn for ein årleg arena der vi byggjer relasjonar og utvekslar kunnskap. Dette er i samsvar med slik selskapet arbeider i dag, og eigar ønskjer at dette skal vidareførast og implementerast i selskapet sin føremålsparagraf.

Namn	Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS
Organisasjonsnummer	922 031 142
Stifta	15.11.2018
Ålesund kommune sin eigardel	12,195%
Andre eigarar	Resterande har 2,439% aksjar kvar
Aksjekapital	1 025 000
Dagleg leiging	
Styre . ikkje oppdatert i Brønnøysund	Harry Valderhaug Jan Kåre Aurdal Tom Anker Skrede Synnøve Ringstad Ingeberg Arnfinn Ingjerd Inger Synnøve Remme Anita Rondestveit Lervik Tor Olsen Husø
Føretaket si heimeside	
Føretaket sitt føremål	Styrke regionen gjennom å utvikle Ålesund lufthavn, Vigra til beste for innbyggjarane og næringsliv. Selskapet sine fokusområde er styrking av rutetilbod med særskilt fokus på utanlandsruiter, flyplassrelatert infrastruktur og tilbringarteneste. Selskapet skal vere ein pådrivar for berekraftig grøn transport. Føretaket har ikkje-økonomisk formål og eventuelle overskot tilleggsast eigenkapitalen for vidare realisering av formålet. Utbytte kan ikkje utbetalast. Ved sletting av einskildsaksjar skal kapitalen ikkje utdelast men tilfalla selskapet for realisering av formålet. Ved oppløysing eller avvikling av føretaket skal gjenverande kapital tilfalla selskap, institusjon eller organisasjon som har eit tilsvarande eller liknande formål.
Eigarstrategi:	Ålesund kommune oppretthald sitt eigarskap i Ålesund lufthavn Vigra AS. Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for sitt eigarskap i perioden: Ålesund kommune ønskjer ein diskusjon med medeigarane kring administrativ kapasitet i selskapet til å følgje opp ambisjonane nedfelt i selskapet sitt føremål.

Namn	Vekst Ørskog AS
Organisasjonsnummer	970 956 174
Stifta	10.02.1994
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	300 000
Dagleg leiing	Rune Westerås
Styre	Ola Brautehaug Kjell Petter Braute Marit Sissel Hellevik Torill Leganger Bjørghild Kragseth Haraldsvik
Føretaket si heimeside	<u>Vekst Ørskog (vekst-orskog.no)</u>
Føretaket sitt føremål	Produktutvikling, opplæring, produksjon og sal av varer, tenester og anna eigne verksemd, for på den måten å skape sysselsetjing for menneske med funksjonshemming, og det som ein til ei kvar tid kjem frem til og står i samanheng med dette.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Vekst Ørskog.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for sitt eigarskap i perioden:</p> <p>Eigar ønsker at selskapet skal ha tett dialog med andre veksbedrifter i kommunen, kommunen sine verksemdar og Nav, for å sikre eit variert og kvalitetsmessig god tilbod.</p> <p>Ålesund kommune er eigar av fire vekstbedrifter og ønsker ein prosess der ein ser på alternative samarbeidsformer mellom selskapa som kan sikre best mogeleg ressursutnytting til det beste for innbyggjarane.</p>

Namn	Vekst Ålesund AS
Organisasjonsnummer	959 347 425
Stifta	14.08.1990
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	250 000
Dagleg leiing	Asle Grimstad
Styre	Ove Lars Økland Runar Paulsen Benthe Langeland
Føretaket si heimeside	Vekst Ålesund En Plass For Alle (xn--vekst-lesund-ycb.no)
Føretaket sitt føremål	Produksjon, produktutvikling, fabrikkasjon, sals- verksemd og annan egna næringsverksemd for på den måten skape grunnlag for sysselsetting for menneske med funksjonshemming.
Strategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Ålesund Vekst AS.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for sitt eigarskap i perioden:</p> <p>Eigar ønsker at selskapet skal ha tett dialog med andre veksbedrifter i kommunen, kommunale verksemdar og Nav, for å sikre eit variert og kvalitetsmessig god tilbod til innbyggjarane.</p> <p>Ålesund kommune er eigar av fire vekstbedrifter og ønsker ein prosess der ein ser på alternative samarbeidsformer mellom selskapa som kan sikre best mogeleg ressursutnytting til det beste for innbyggjarane.</p>

Namn	Ørskog energi AS
Organisasjonsnummer	982 029 929
Stifta	15.04.2000
Ålesund kommune sin eigardel	80%
Andre eigarar	Fjord kommune 20%
Aksjekapital	6 000 000
Dagleg leiing	Runar Karl Stette
Styre	Dag Olav Tennfjord Åse Karin Finnøy Gjære Rune Støversten
Føretaket si heimeside	Nordvest Nett • Nordvest Nett (nvn.no)
Føretaket sitt føremål	På eiga hand eller i samarbeid med andre, å investere i, og forvalte eigedom og eigarinteresser knytt til bygging og drift av infrastruktur innan energi og telekommunikasjon, eller anna verksemd som kan styrke selskapet sin økonomi og innteningsevne.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Ørskog energi.</p> <p>Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for selskapet i perioden:</p> <p>Ålesund kommune sitt eigarskap i Ørskog Energi AS har i hovudsak eit finansielt føremål og kommunen forventar at det vert levert høgast mogeleg avkastning over tid.</p> <p>Ålesund kommune ønskjer at selskapet held fram dialogen med andre nettselskap om framtidig samarbeid gjennom sitt eigarskap i Nordvestnett.</p> <p>Det grøne skiftet krev at vi nyttar elektrifisering som verkemedel for å nå berekraftsmåla. Eit robust og kostnadseffektivt kraftnett er naudsynt for å lukkast. Dette krev ei god samla forvaltning av nettet.</p> <p>Element som robust drift, vedlikehald, beredskap, attraktive kompetansemiljø, låg nettleige, investeringskraft og evne til å lege til rette for framtidsetta næringsutvikling er sentrale element som må ligge til grunn for vurderingane om framtidig selskapsstruktur på dette området.</p>

Namn	Øyvon AS
Organisasjonsnummer	994 116 673
Stifta	11.05.2009
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	100 000
Dagleg leiing	Stig Skarshaug
Styre	Nils Erling Finnøy Helge Ervik Vibeke Ask
Føretaket si heimeside	
Føretaket sitt føremål	Å drive ambulansetransport, samt annan kommersiell sjøtransport.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Øyvon AS og ønsker at selskapet skal halde fram i samsvar med sitt føremål.

Namn	ÅKP AS
Organisasjonsnummer	981 575 679
Stifta	19.11.1999
Ålesund kommune sin eigardel	20,37%
Andre eigarar	SIVA 23,952% Sparebanken Møre 11,976% Ulstein Group 3,593% Koppernæs 3,593% Sparebank 1 SMN 2,994% DNB 2,994% Ekornes 2,395% Møre og Romsdal fylkeskommune 2,395%
Aksjekapital	8 350 000
Dagleg leiing	Per Erik Dalen
Styre	Gunnar Stein Hareide Ole Andreas Nustad Asbjørn Nässeqvist Skaro Annik Magerholm Fet Arild Robert Sulebakk Karin Øyaas Lene Trude Solheim
Føretaket si heimeside	Hjem - Åkp (aakp.no)
Føretaket sitt føremål	Tilrettelegging, utvikle og drive forskings-, utviklings- og etablererpark i Ålesund for kommersialisering av produkt- og forretningsidéar, nyskapning og verksemd i forbindelse med dette.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sin eigardel i ÅKP AS. Ålesund kommune har følgjande føringar for perioden: Eigar ønsker at føretaket skal vidareføre sitt arbeid i samsvar med dagens føremål. Ålesund kommune som eigar ønskjer eit tett samarbeid med ÅKP og Næringsavdelinga i Ålesund kommune, og United Future Lab Ålesund (Framtidslaben) med mål om å hente ut gode synergjar knytt til begge partane sine mål og strategiar.

Namn	Ålesund Brannvesen KF
Organisasjonsnummer	987 780 657
Stifta	03.06.2004
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	
Dagleg leiing	Geir Thorsen
Styre	Asgeir Berg Eivind Davik Tove Nygård Inger Synnøve Remme Øystein Bjørkavåg
Føretaket si heimeside	Ålesund kommune - Brannvesen - Hjem (aabv.no)
Føretaket sitt føremål	Ålesund brannvesen KF skal ivareta kommunen sine oppgåve og plikter etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåve av 14.06.2002 med tilhøyrande forskrifter Ålesund kommune kan legge andre oppgåver til brannvesenet så langt dette ikkje svekker brannvesenet si gjennomføring av oppgåvene over.
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune opprettheld Ålesund brannvesen som ein kommunalt føretak.</p> <p>Ålesund kommune har følgjande føringar for perioden:</p> <p>Ålesund brannvesen KF skal sikre ei effektiv beredskap og god samfunnstryggleik for befolkninga i Ålesund kommune og ivareta feietenesta jf. gjeldande krav.</p> <p>Ålesund brannvesen KF skal ha ein organisasjon som vektlegg effektiv leiing og organisering av brann- og redningsaksjonar. Det krev kraft og kvalitet i det førebyggjande arbeidet.</p> <p>ÅBV skal vektlegge økonomisk effektivitet og rasjonell bruk av ressursar.</p> <p>Ålesund kommune skal gjere seg nytte av den kompetanse Ålesund brannvesen KF har knytt til samfunnstryggleik og beredskap</p> <p>ROS-analyser og Brannordning vedtatt av Ålesund kommunestyre dannar, saman med anna informasjon,</p>

	grunnlag for vurdering av organisering og drift av Ålesund brannvesen KF
--	---

Namn	Ålesund kommunale eigedom KF
Organisasjonsnummer	986 074 988
Stifta	12.12.2002
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	
Dagleg leiing	Bjørnar Helland
Styre	Henriette Bryn Øystein Tvedt Vebjørn Krogsæter Eva-Brit Langva Ole Kristian Arntsen Birger Martin Hjelle
Føretaket si heimeside	Ålesund kommunale eigedom KF (ÅKE)
Føretaket sitt føremål	Føretaket er kommunen sitt verktøy for gjennomføring av eigedomspolitikken i kommunen, og skal ivareta eigaransvaret for dei kommunale eigedomane i Ålesund kommune. Vidare skal føretaket sikre og oppretthalde verdiane i eigedomane og bygningsmassen. Føretaket skal støtte opp under kommunen sine overordna strategiar og planar. Føretaket skal forvalte og utvikle eigedomsmassen etter forretningsmessige prinsipp. Føretaket skal bidra til ein sunn og stabil eigedomsøkonomi. Føretaket skal ha ein klar klima-, energi- og miljøprofil, tilpassa den strategien som til ei kvar tid er gjeldande for kommunen. Føretaket skal syte for utvikling og styring av kommunale byggeprosjekt. Føretaket skal ivareta ei sikker og god forvaltning av kommunen sine bustader for vanskelegstilte innbyggjarar gjennom utleige av desse. I tillegg skal føretaket behandle søknadar frå innbyggjarar på startlån- og tilskot til eigen bustad.
Eigarstrategi	Ålesund kommunale Eigedom skal oppretthaldast som eit kommunalt føretak. Ålesund kommune har følgjande føringar for perioden: I 2021 skal ein vurdere om oppgåvefordelinga mellom føretaket og den kommunale organisasjonen skal justerast. Dette kan t.d. gjelde oppgåver knytt til bustadsosialt arbeid. Føretaket skal samarbeide tett med andre by- og stadutviklingsaktørar for å sikre heilskapstenking, framdrift og positive synergjar.

Namn	Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS
Organisasjonsnummer	931 639 951
Stifta	16.04.1975
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	2 100 000
Dagleg leiing	Helene Kvalsvik Breivik
Styre	Terje Tvedt Roar Salen Else Andersen
Føretaket si heimeside	
Føretaket sitt føremål	Bygging og drift av eit administrasjonshus for Ålesund kommune og verksemd som står i tilknytning med dette. Høgblokka ved Ålesund rådhus.
Eigarstrategi	Ålesund kommune oppretthald Ålesund kommunes administrasjonsbygg som eit aksjeselskap. Ålesund kommune so eigar har følgjande føringar for perioden: Føremålet med selskapet bør vidareførast. Selskapet bør utarbeide ein plan for utbetring av Rådhuset i samsvar med dagens krav og standard.

Namn	Ålesund Parkering AS
Organisasjonsnummer	930 475 610
Stifta	18.11.1977
Ålesund kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	
Aksjekapital	100 000
Dagleg leiing	Roar Salen
Styre	Berit Sørland Wengersberg Torill Ytreberg Anne Berte Hareide Monica Skarbø Kaj Bang Westre Rune Dalsbø
Føretaket si heimeside	Ålesund parkering AS - Siste nytt fra Ålesund parkering (alesundparkering.no)
Føretaket sitt føremål	Utøve Ålesund kommune sin parkeringspolitikk slik den er fastsett av Ålesund kommune, her under etablere, forvalte og drive offentleg parkering, handheving av skilta regulering og trafikkreglane sine føresegner knytt til parkering og stans i Ålesund kommune, samt å delta i andre selskap med liknande verksemd.
Eigarstrategi	Ålesund kommune opprettheld sitt eigarskap i Ålesund Parkering AS. Ålesund kommune som eigar har følgjande føringar for perioden: <ul style="list-style-type: none"> • Ålesund Parkering skal bidra til aktiv byutvikling. • Selskapet skal halde fram med å etablere og forvalte parkeringstilbod i gode lokalitetar i Ålesund kommune på dag, kveld og natt. • Selskapet skal arbeide i samsvar med kommunen sin parkeringspolitikk • Selskapet skal halde fram sin gode dialog med andre by- og stadutviklingsaktørar for å sikre heilskapstenking og positive synergjar.

Namn	Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM)
Organisasjonsnummer	994 717 286
Stifta	12.02.2009
Ålesund kommune sin eigardel	62,95%
Andre eigarar	Giske kommune 8,04% Sula kommune 8,84% Vestnes kommune 6,20% Stranda kommune 4,30% Sykkylven kommune 7,24% Fjord kommune 2,42%
Aksjekapital	500 000
Dagleg leiing	Øystein Peder Solevåg
Styre	Reidar Andresen Liv Stette Knut Magne Flølo Tom Kenneth Haugen Annik Magerholm Fet Kathrin Blomvik Bakken Kenneth Langvatn Monica Busengdal Fride Skarbø
Føretaket si heimeside	ÅRIM - eit miljøfagleg kompetansesenter (arim.no)
Føretaket sitt føremål	Frå selskapsavtalen: «§ 3 Føremål. 3.1 ÅRIM utfører kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål. 3.2 ÅRIM kan gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg. 3.3 ÅRIM har einereitt frå kommunane til å sikre tømning av slam frå mindre avløpsanlegg der utløpet er knytt til offentleg avløpsnett. 3.4 ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet og slammet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta. 3.5 Medlemskommunane fastsett likelydande forskrifter om avfall og slam i Ålesundregionen. Selskapet får her mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker. 3.6 ÅRIM skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og meir miljøvenleg avfallsbehandling.

	<p>3.7 ÅRIM skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.</p> <p>3.8 ÅRIM skal ha kostnadseffektiv drift.</p> <p>3.9 ÅRIM avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.</p> <p>3.10 ÅRIM kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.</p> <p>3.11 ÅRIM skal utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre. »</p> <p>Merknad:</p> <p>Ålesund kommunestyre vedtar ny selskapsavtale for ÅRIM med føremål som skissert ovanfor, men med atterhald om at punkt 3.4 ikkje kan få full verknad for Ålesund kommune før tidlegast i 2023 når avtalen med Tafjord kraftvarme as går ut, eller andre endringar skjer som endrar dei tilhøva som denne avtalen regulerer.</p> <p>Dette betyr i praksis at ÅRIM ikkje tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet og slammet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta.</p>
Eigarstrategi	<p>Ålesund kommune skal i 2021 etablere ein heilskapleg eigarstrategi på avfalls- og gjenvinningsområdet.</p> <p>Dette skal sikre ei framtidssrette organisering av, ansvar for og drift av ei oppgåvene som i dag blir utført av Bingsa Gjenvinning AS, ÅRIM IKS og Tafjord Kraftvarme AS (datterselskap av Tafjord Kraft AS).</p> <p>Målet er at kommunen og regionen skal kunne handtere avfallsressursane på ein måte som sikrar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gode og effektive tenester til innbyggjarane til akseptabel pris • Lokal verdiskaping som sikrar avkastning på investerte verdiar • Redusere klimautslepp, samt auke graden av gjenbruk og gjenvinning.

Namn	Ålesundregionens havnevesen
Organisasjonsnummer	987 673 524
Stifta	
Ålesund kommune sin eigardel	90%
Andre eigarar	Sula kommune 5% Giske kommune 5%
Aksjekapital	
Dagleg leing	Ole Christian Fiskaa
Styre	Sindre Muren Nakken Marit Gunnlaug Alnes Janne Grethe Strand Aasnæs Richard Ivan Breen Trine Otterlei Knut Roar Fagerli Bjarne Hermann Haagensen
Føretaket si heimeside	Ålesund havn
Føretaket sitt føremål	Hensikta med dei interkommunale hamnesamarbeida er i første rekke å forene tilgjengelege hamnetilbod i ein region for effektivisering og betre kapasitetsutnytting av personell, utstyr og infrastruktur, jf. målsettinga i dei Nasjonale transportplanar. I samsvar med denne nasjonale målsettinga har ÅRH som formål å samordne all kommunal hamneverksemnd innanfor samarbeidsområdet. I tilknytning til dette skal ÅRH på vegne av deltakarkommunane ivareta alle forvaltningsmessige og administrative oppgåver som etter hamne- og farvasslova pålegg kommunane, samt handheve dei føresegnene som etter hamne- og farvasslova med forskrifter gjeld innanfor deltakarkommunane sin felles hamnedistrikt. Målsettinga for ÅRHs verksemnd er at dei samla hamneressursar til ei kvar tid skal utgjere eit konkurransedyktig hamnetilbod for brukarane. For at hamna skal kunne oppretthalde og vidareutvikle trafikkgrunnlaget, skal ÅRH kunne engasjere seg i alle formar for hamnetilknytt verksemnd , her under samferdselsspørsmål og næringsutvikling som innanfor samarbeidsområdet finn hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for hamnefellesskapet og det næringsliv hamna skal betene.
Eigarstrategi:	Ålesund kommune ønsker å vidareføre og vidareutvikle samarbeidet med Giske og Sula om samordning av kommunal hamneverksemnd . Ålesund kommune har følgjande føringar for perioden: I 2020 bør samarbeidet utgreie egna framtidig organisasjonsform for samarbeidet i samsvar med

	<p>endringar i kommunelova der §27 samarbeid etter kommunelova ikkje lenger eksisterer.</p> <p>I tillegg til målsettingane nedfelt i føremålet ynskjer Ålesund kommune at samarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Tek opp att arbeidet med strategisk hamneplan for Ålesundregionen.• Har eit tett samarbeid med andre aktørar og selskap innan by- og stadutvikling for å sikre framdrift i utviklinga av sentrale område som t.d. Sørsida i Ålesund sentrum.
--	--

Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring

Roller og ansvar:

Kommunestyret:

Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. For å kunne ivareta dette mandatet må kommunestyret har eit samla grep om heile den kommunale verksemda, her under tenesteproduksjon som skjer i føretak.

- Vedtek å opprette føretak
- I etableringsfasen vedtek kommunestyret føremål, stiftingsgrunnlag og leiande organ.
- I driftsfasen fører kommunestyret indirekte styring gjennom lovgitte styringskanalar og vedtekne prinsipp for eigarstyring.
- Vedtek kommunens eigarstrategiar for føretak.
- Kommunestyret fastset individuelle/føretaksvisе eigarstrategiar. Eigarstrategiane har som føremål å danne grunnlaget for ein god styringsdialog, ved å gi langsiktige mål med ei klar retning på kva eigarane vil med føretaket.
- Gjennomfører styreval. (Val av styrerepresentantar til aksjeselskap AS og interkommunale selskap IKS gjennomførast av generalforsamling og representantskap).
- Vedtek eventuelle reorganisering, avvikling og oppløysing av føretaket, eller ved sal eller overføring av kommunen sine eigardelar i føretaket til andre.
- Vedtar selskapsavtale for interkommunale selskap.
- Oppnemner medlemmer til representantskapet i interkommunale selskap.

Eigarskapsutvalet:

Kommunestyret opprettar eit eigarskapsutval som skal bidra til operativ, heilskapleg og føreseieleg folkevald eigarstyring og eigarskapsforvaltning av føretak. Eigarskapsutvalet oppnemnast i av kommunestyret i samband med konstituerande kommunestyremøte.

Eigarskapsutval i Ålesund kommune skal mellom anna:

- Bidra i arbeidet med å utvikle styringsdokument, som f.eks. eigarskapsmelding og eigarstrategiar.
- Er kommunens eigarorgan som set i verk og følg opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding ovanfor føretaka.
- Førebu og gjennomføre føretaksvisе eigar-/dialogmøter.
- Eigarskapsutvalet kan be om å få utgreidd saker til politisk behandling.

Styret:

Det er ikkje eigar, men styret, som har ansvaret for føretaksstyringa. Styret er føretaket si leiing, og styrer på vegne av eigarane. Styret har ansvar for at føretaket blir forvalta i samsvar med eigars interesser, og skal ivareta den strategiske leiinga av føretaket innanfor dei rammene som er gitt av eigar. Dette inneber mellom anna at:

- Styret skal føre kontroll og formulere føretaksstrategiar, fatte vedtak og legitimere verksemda.

- Vedtar styreinstruks for selskapet og instruks for dagleg leiar.
- Styret har ansvar for økonomien til føretaket og vurdering av om det er grunnlag for vidare drift.
- Styret skal sørge for at det årleg vert gjennomført ein oppfølgingsamtale med dagleg leiar. I aksjeselskap skal styret gjennomføre ein årleg samtale med revisor utan at dagleg leiar er til stades.
- Styret skal kvart år legge fram årsmelding for generalforsamlinga som gir eit komplett bilete av føretaket.
- Saker til generalforsamlinga eller tilsvarande organ skal sendast, med forslag til sakliste og alle relevante saksdokument til eigar innan 30 dagar før møtet.
- Styret skal gjennomføre ei årleg eigenevaluering av styrets arbeid sett opp mot føretaket sine vedtekter i samsvar med årshjul, innan 1. februar. Leiar i valkomitéen har ansvar for at dette skjer. Eigenevalueringa skal sendast til eigar.
- Styret skal kvart år rapportere til eigar knytt til nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaket.
- Styret kan ta initiativ til eigarmøte for å bidra til god kommunikasjon mellom eigar og føretak.

Styret skal vere ein viktig diskusjonspart og støttespelar til leiinga i føretaket i større saker. Samtidig må styret kontrollere dagleg leiars arbeid ut i frå gitte målsettingar. Styret må derfor ha ei uavhengig rolle i forhold til dagleg leiar. Eit kompetent styre må kunne utfordre dagleg leiar og føretaket slik at det blir tatt gode avgjerder.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor definerte behov for kvart føretak og omfattar områda:

- Kunnskap om føretaket si verksemd.
- Bransjekunnskap.
- Spesialkompetanse og erfaring innanfor område som juss, økonomi, finans, rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag mv.
- Erfaring frå leiing og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar.
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning.
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.

Styreverv i føretak er personleg, dvs. at dei enkelte styremedlemmane ikkje representerer parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta føretaket sine interesser innanfor dei rammene som er gitt av eigar(ane) gjennom vedtekter og eigarstrategi. Det fordrar høg integritet og evne til å vere konfidensiell om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder.

Så snart som mogeleg etter at val av styremedlemmer er gjennomført, skal det bli gitt tilbod om opplæring i styrearbeid.

Kommunen som eigar forventar at føretaket arbeider målretta med å ivareta sitt samfunnsansvar slik det er nedfelt i eigarskapsmeldinga.

Ordførar:

Ordførar møter som kommunen sin representant i føretaka sine eigarorgan, med dei føringane eigarskapsutvalet gjev. For interkommunale føretak skal kommunen sine eventuelle andre representantar oppnemnst blant kommunestyret sine faste medlemmar. Ordførar kan delegere representasjonsretten til varaordførar eller anna representant for kommunen. Ordførar sender årleg eigarskapsbrev/ forventningsbrev til føretaka. (Helsing frå eigar med utdrag av overordna føringar knytt til kommunen sin eigarskapspolitikk).

Kommunedirektøren:

Kommunedirektøren har ansvar for kommunen sin eigen organisasjon. Verksemd i føretak utanfor kommunen er ikkje underlagd kommunedirektøren sin kontroll og styring. Kommunedirektøren har berre ei rådgivande rolle ovanfor kommunestyret, eigarskapsutval, føretaka sine eigarorgan samt ordførar og andre folkevalde.

Kommunedirektøren skal stille med ressursar til eit eigarsekretariat. Sekretariatet har ein støttefunksjon for dei folkevalde, og skal saksførebu eigarsaker som skal handsamast i folkevalde organ; eigarstrategi, føretaksetablering/avvikling og eventuelle aktive grep ovanfor det einskilde føretak.

For å sikre kommunedirektøren nødvendig informasjon, kan kommunedirektøren bli gitt observasjonsstatus i styremøte for kommunale føretak og føretak etter kommunelova. I kommunale føretak har kommunedirektøren mogelegheit til å uttale seg, og til å instruere styret, om å utsette iverksetting av vedtaket, til kommunestyret har handsama saka.

Kommunedirektøren skal elles:

- Administrativt følge opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding, og ivareta kommunens direkte tenestediolog med føretaka.
- Førebu saker til politisk nivå om utforming av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og føretaksvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå føretaket sin eigar.
- Sikre at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at føretaka si rapportering følg kommunens økonomirapportering og årsmelding.
- Kommunedirektøren utarbeider utbytteforventningar som vert kommunisert til føretaka sine styrer i dei føretaka der det er aktuelt med utbytte, i tråd med eigarstrategiar som vert vedtatt.

Kontrollutvalet:

- Selskapskontroll er ein av kontrollutvalets lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa underleggast folkevald styring og kontroll, jf. kommunelova § 23-2 c). Selskapskontrollen er todelt. Den eine delen er obligatorisk og dreier seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunens oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap.

- Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar føretak, men omfanget av selskapskontrollen påverkast av eigarforholda i føretaka. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, er øyremerkt følgande føretak, jf. kommunelova § 23-6:
 - • interkommunale selskap (IKS)
 - • interkommunale politiske råd
 - • kommunale oppgåvefelleskap
 - • aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar i desse føretaka, har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å innhente dei opplysningar dei finn påkravd, og kan gjennomføre nødvendige undersøkingar. Utvalet skal varslast om, og har rett til å vere til stades, i eigarorgan etablert med heimel i kommunelova.

Årshjul for eigaroppfølging:

I årshjulet kjem det fram kva som er dei faste møteplassane for dialog og informasjon. I tillegg til dette ynskjer vi å halde ein open dialog med rom for kontakt og møter ved behov.

Aktivitet	jan	fe b	ma r	apri l	ma i	juni	juli	aug	sep	ok t	no v	des
Eigarhelsing frå ordførar												
Styret si eigenevaluering												
Generalforsamling												
Fag/Tematiske dialogmøter *												
Eigardag med kommunestyret												
Opplæring i styrearbeid etter oppnemning												
Møter ved behov												

*Ålesund kommune har føretak som har tette faglege grensesnitt. Desse vert invitert til felles dialogmøte for gjensidig informasjonsutveksling mellom kommune og føretaka og mellom føretaka.

Kontaktpunkt i kommunen:

Politisk kontakt	Ordførar
Administrativ kontakt	Assisterande kommunedirektør

1.året i valperioden skal eigarskapsmeldinga rullerast. Dette betyr at føretaka kvart fjerde år vert involvert i ein dialogprosess kring denne.

Ålesund kommune har er ikkje eineigar i alle føretak. Ålesund kommune sine representantar i styre og fora i deleigde føretak skal formidle prinsipp, rutinar og rolleforståing slik dei kjem fram i eigarskapsmeldinga. Målet med dette er at Ålesund kommune ønskjer å utøve ein samla god eigarskapspolitikk ovanfor alle føretak, også dei deleigde.